

## Nydyrking på Haugland - treng meir massar.

22.03.2019



Brørne Johannes og Øystein gjer det meste av arbeidet med planering og dyrking på 125/7 på Haugland.

**Det er mykje dyrking i Uskedalen for tida, både på Rød, i Friheim og på Haugland. Det som var tre mindre stykke på Haugland vert no lagt ut, planert og dyrka opp til ny slåttemark. Lars Haugland og sønene Johannes og Øystein gjer jobben. Arealet høyrer til gardsnummer 125, bruk 7. Eigar er Margot Haugland. Det nye stykke er målt opp til 10 dekar.**

Dei tre teigane låg i det som vart kalla Langrabbehaugen og Hågjerdsflato. Det eine stykke var myrlendt. Så var det to haugar. Alt vert no lagt ut i ei flate. Massane er leira, raudgrus og jord. Etter mykje nedbør må leirmassane setja seg. Difor vonar Lars og gutane på ein turr vår. Det er viktig at raudgrusen vert lagt mellom leirjorda og molda.

Slik det ser ut no, manglar det massar for å vinna dei siste 2 - 3 måla. Plassen er godkjend tipplass for stein, grus og mold. Noko massar er tilkøyrd, men utbyggjarane ynskjer meir massar. Dersom noko treng ein fyllplass, er det berre å ta kontakt, men det må vera reine massar.



Prosjektet treng meir fyllmassar. Område er godkjend som tipplass, men det må vera reine massar.

Når alt er klart, vert heile arealet planert inn frå Fylkesvegen mot dalsida og med fall ned dalen. Fleire mindre bekker i område er samla og lagt om i eit synleg løp. Det er den same opne bekken som går vidare inn på naboane, Kåre Vetthus, Arne Johannes Haugland og Pål Haugland.

Lars Haugland er godt nøgd med den store innsatsen sønene, Johannes og Øystein, gjer. Johannes ( 20 år ) tek utdanning på Høgskulen i Bergen som byggingeniør. Øystein ( 22 år ) er fast tilsett som maskinkøyrar hos entreprenørfirma Vassbakk og Stol. For tida er han med på vegarbeid på E39, Os - Rådalen. På friveka si er han avløyser heime på garden.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal